



**ØY  
GARD  
EN**

- eit fyrtårn i vest

## **KONKURRANSEREGLAR**

Open tilbodskonkurranse  
etter FOA del I og II

for anskaffing av

Rammeavtale asfaltering 2023-2025

2023/8394

---

1 GENERELL SKILDRING.....	3
1.1 Øygarden kommune.....	3
1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov .....	3
1.3 Avtaletype og varighet .....	3
2 Konkurransegrunnlaget .....	4
2.1 Om inndelinga .....	4
3 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN.....	4
3.1 Deltilbod .....	4
3.2 Viktige datoar .....	5
3.3 Anskaffingsprosedyre .....	5
3.4 Krav til løns- og arbeidsvilkår .....	5
3.5 Offentlegheit og teieplikt .....	5
3.6 Vedståingsfrist .....	5
3.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysninger .....	6
4 KVALIFIKASJONSKRAV .....	6
4.1 Skatteattest .....	7
4.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling .....	7
4.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet .....	7
4.4 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren .....	8
5 TILDELINGSKRITERIUM .....	8
6 INNLEVERING AV TILBOD .....	8
6.1 Utforming av tilbod .....	9
7 EVALUERING OG AVSLUTNING AV KONKURRANSEN .....	9
7.1 Evaluering.....	9
7.2 Avlysing av konkurranse .....	9
7.3 Melding om val av leverandør.....	9
7.4 Klage .....	9

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Øygarden kommune

Øygarden kommune er ein langstrakt kommune med eit areal på ca. 300 km<sup>2</sup>. Frå sør til nord i kommunen tar det ca. 1,5 timer å køyre med dagens fartsgrense. Kommunale vegnettet har ei total lengde på omlag 200 km, samt 30 km fortau/gang og sykkelveg.

Avdeling Samferdsle og trafikktryggleik har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vegar, kaiar, og trafiksikring i Øygarden kommune. Samferdsle og trafikktryggleik står for denne anskaffinga.

Kontaktperson hos oppdragsgiver er:

Namn:	Øyvind Kjørlaug
Tittel	Ekstern rådgjevar

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg i kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgiver når det gjeld tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov

Formål med anskaffinga er å utbetra og oppretthalde god standard på dei kommunale vegane.

Oppdragsgjevar inviterer til konkurranse for utlegging av ca. 8 700 tonn asfalt fordel på ca. 15 km med kommunal veg. Vedlagt rekneark i bilag 6a er det ei oversikt som viser omfang av oppdraget. Det skal asfalterast ca. 2,2 km i gamle Øygarden (nord), 6,6 km i gamle Fjell kommune (midt) og ca. 6,6 km i gamle Sund (sør). I tillegg justering og tilrettelegging av rundt 35 fartshumper. Øygarden kommune ber om at priser i tilbodet skal inkludere justering av kummer, fresing, liming, rigg og drift. Tonnpris skal leggjast inn i regneark som er vedlagt bilag 6a. Nye vegar blir årleg vurdert før ny sesong, innan april.

Omfang må kunne justerast i avtaleperiode.

## 1.3 Avtaletype og varigheit

For oppdraget skal det inngåast avtale med ein leverandør for asfaltering av kommunale vegar. Øygarden kommune ønskjer opsjon på å kunne nytta leverandør til ulike asfalteringsoppdrag som ikkje er medtatt i konkurransen. Anskaffinga gjeld rammeavtale 1+1+1, totalt 3 år.

Antatt verdi på avtalen: 24 MNOK

Oppdragsgjevar tar etterhald til å kunne avlyse konkurransen dersom tilboda er høgare enn budsjettet eller tildelte midlar.

## 2 Konkurransegrunnlaget

### 2.1 Om inndelinga

Konkurransegrunnlaget er delt i to delar. Del I inneholder dokument knytt til gjennomføring av konkurransen og som skal nyttast under tilbodsgjeving. Del II inneholder kontrakt med vedlegg.

#### Del I - Konkurranseregler

Vedlegg	Inneheld
	Konkurranseregler (dette dokumentet)
Vedlegg 1	Tilbodsbrev
Vedlegg 2	Tilbydars avvik
Vedlegg 3	Erklæring teieplikt
Vedlegg 4	Forpliktingserklæring
Vedlegg 5	Referanseskjema

#### Del II – Kontrakt

Bilag	Inneheld
	Standard tjenestekontrakt
Bilag 1	Overordna behovsbeskrivelse
Bilag 3	Tildelingsavtalar
Bilag 4	Tildelingsskjema
Bilag 5	Administrative vilkår
Bilag 6	Pris og prisføresegner
Bilag 6a	Prisskjema asfaltering 2023
Bilag 7	Endringar i den generelle rammeavtaletteksten med bilag
Bilag 6	Endringar etter inngåing av rammeavtalen

## 3 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 3.1 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

## 3.2 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	22.05.2023 kl. 16:00
<b>Frist for å levere tilbod</b>	<b>30.05.2023 kl. 12:00</b>
Evaluering	Veke 22/23
Eventuell dialog	Veke 22/23
Tildeling	Veke 23
Vedståingsfrist for tilbodet	3 md etter tilbodsfrist

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 3.3 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkeste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved ukjare punkt per e-post til kontaktperson.

## 3.4 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter.

## 3.5 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningiar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

## 3.6 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 3.2 ovanfor.

### **3.7 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysninger**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

Skriftleg førespurnad om tilleggsopplysningar skal merkjast med namnet på konkurransen og sendast til oppdragsgivar sin kontaktperson pr e-post.

## **4 KVALIFIKASJONSKRAV**

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere eigenerklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

Leverandøren som blir innstilt til kontrakt, må før kontrakt blir inngått dokumentere at dei oppfyller kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

## 4.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.</li> </ul>

## 4.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norske selskap: Firmaattest</li> <li>• Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.</li> </ul>

## 4.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	<p>Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemد som har konsesjon til å drive slik verksemد.</p> <p>Anna dokumentasjon kan vurderast særskilt</p>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

## 4.4 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.
Leverandøren skal ha implementert og ha eit godt og velfungerande kvalitetssikringssystem for å sikra kvaliteten i gjennomføring i denne kontrakten.	Om leverandør innehavar ISO 9001:2015 sertifikat, eller tilsvarende 3. partsverifiserte system, er gyldig sertifikat tilstrekkeleg dokumentasjon.  Alternativt: Ei skildring av leverandøren sin implementerte system for kvalitetssikring, med vekt på ressursstyring, ansvar, rutinar for internkontroll, og avvikshåndtering (arbeid med korrigerende og preventive tiltak) og kontinuerleg analyse og forbeting.

## 5 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen.

Vurderingstema:	Krav til dokumentasjon:
Pris	Ferdig utfylt prisskjema
Under dette kriteriet blir tilbydd pris vurdert.	

## 6 INNLEVERING AV TILBOD

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell portalen, [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innen tilbodsfristen. Tilbodsfristen går fram av tabellen under pkt. 3.2. Det er leverandørens ansvar å sende inn tilbodet i tide. For seint innkomne tilbod vil bli avvist.

Er du ikke brukar hos Mercell, eller har du spørsmål knyttet til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, hvordan du skal gi tilbod, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

## 6.1 Utforming av tilbod

Tilbodet er eit uttømmande grunnlag for evaluering basert på tildelingskriteriene.

Tilbydar er sjølv ansvarleg for at alle kvalifikasjonskrava, tildelingskriteria og andre krav i konkurransen svarast og dokumenterast.

Tilbodet skal som minimum innehalde elementa som er oppført under:

Dokument	Innhold	Mal/vedlegg
Tilbodsbrev	Tilbodsbrev med forpliktande signatur	Del I Vedlegg 1 Tilbodsbrev
Atterhald og avvik	Ev. avvik	Del 1 Vedlegg 2 Tilbydars etterhald og avvik
Eigenerklæring teieplikt	Opplysningar tilbydar vurderer som unntatt frå offentlegheita	Del I vedlegg 3 eigenerklæring teieplikt
Tildelingskriterium pris	Utfylt prisskjema.	Del II bilag 6a Prisskjema

# 7 EVALUERING OG AVSLUTNING AV KONKURRANSEN

## 7.1 Evaluering

Evaluering vil skje på grunnlag av innlevert skriftleg dokumentasjon, se kapittel 5.

## 7.2 Avlysing av konkurranse

Oppdragsgjevar skal ha rett til å avlyse konkurransen ved sakleg grunn. Som sakleg grunn vert det mellom anna vist til bortfall av planlagt finansiering, manglende godkjenning frå politisk hold og manglende konkurranse.

## 7.3 Melding om val av leverandør

Etter at val av leverandør(er) er gjort vil alle leverandørar som har gitt tilbod bli skriftleg informert om dette.

Meldinga vil innehalde namn på kven som er tildelt kontrakt samt utgreiing om eigenskapane og dei relative fordelane tilbodet som er valt, i samsvar med tildelingskriteria i konkurransen.

Meldinga vil også angi tidspunkt for utløp av karensperioden.

## 7.4 Klage

Tilbydarar kan klage på val av leverandør.

Dersom Oppdragsgjevar finner at tildelingsvedtaket ikkje er i samsvar med tildelingskriteriene kan tildelingsvedtaket bli annullert fram til kontrakt er signert.